



Finansdepartementet

Oslo

Dette brevet er berre sendt på e-post til postmottak@fin.dep.no

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
11882 ILB	11/208-5	11/7520	N-111.2/	12.07.2011

Minimums- og maksimumsreglane på eigedomsskatt for kraftverk - fråsegn

Med tilvising til Finansdepartementet sitt høyringsbrev av 15.04.2011 handsama Ullensvang heradsstyre saka i møte den 20. juni og vedtok samrøystes slik fråsegn:

Ullensvang herad ber om at maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk vert oppheva, kombinert med overgang til ei langsiktig og stabil diskonteringsrente. Dette vil gje takstverdiar for kraftverk som er meir i samsvar med reell marknadsverdi og gje betre samsvar med dei ordinære prinsippa som gjeld for eigedomsskatt elles. Vår kommune vil særskilt peika på følgjande:

Ullensvang herad har i mange år hatt eigedomsskatt på "verk og bruk" med ein skattesats på 7 promille. Av dei samla kraftinntektene er det inntekter frå omsetnad av konsesjonskraft og erstatningskraft, og frå heimfall, som er dei største for vår del. Eigedomsskatt utgjer ein relativt liten del, men er likevel viktig. For 2011 er eigedomsskatt på alle "verk og bruk" skriven ut med 3,4 millionar, av dette er om lag halvparten frå vår del av store kraftverk.

Utrekningar som er gjort viser at fjerning av maksimumsregelen, kombinert med auka kapitaliseringsrente til t.d. 5,1%, vil gje oss ei årleg inntekt på om lag 1,0 million eller knapt kr 300 per innbyggjar meir enn i dag. Ei slik meirinntekt vil vera viktig for på ein betre måte å kunna møte dei store utfordringane me har på ulike område. Det er særleg grunn til å nemna at heradet vil få store kostnader i åra som kjem med ekstra vedlikehald av kommunale bygg og veganlegg.

Ullensvang heradsstyre stor opp om uttalen frå Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK)

Utskrift av saka ligg ved.

Med helsing
Ullensvang herad

for Tone Tveito Eidnes
rådmann


Håkon Grønsdal
økonomisjef

Sakshandsamar sin tlf: 53671585
Sakshandsamar si e-postadr.: haakon.gronsdal@ullensvang.herad.no



Hardanger

Ullensvang herad
Heradshuset
5780 KINSARVIK

Org.nr: 964 967 903
Bankgiro 3450.19.70400

Telefon: 53 67 15 00
Telefaks: 53 67 15 01
E post: postmottak@ullensvang.herad.no

www.ullensvang.herad.no

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Heradsstyret	20.06.2011	044/11	HGRO

Endeleg vedtak i: Heradsstyret Saksansv .: Håkon Grønsdal	Arkiv: N-111.2 Objekt:	J.post id. 11/6128	Arkivsaknr 11/208 - 3
--	---------------------------	-----------------------	--------------------------

MINIMUMS- OG MAKSIMUMSVERDIANE PÅ EIGEDOMSSKATT FOR KRAFTVERK - FRÅSEGN

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	01.02.2011	Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar	Nye LVK-nytt og høyringsuttalar - Fjerning av minimums- og maksimumsverdiane på eigedomsskatt
2	I	06.06.2011	Finansdepartementet	Høyring - om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk
4	U	27.06.2011	Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar	Melding om vedtak: Minimums- og maksimumsverdiane på eigedomsskatt for kraftverk - fråsegn

Vedlegg:

Dokument nr. 2

Saksutgreiing:

Finansdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat om endring av maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk, med frist 15. juli 2011. Notatet er vedlagt.

Staten fastset eigedomsskattetakstane for alle kraftverk. For store kraftverk vert eigedomsskattegrunnlaget fastsett som ein noverdi over uendeleg tid av anslått nettoinntekt. Skattegrunnlaget kan likevel ikkje vera lågare eller høgare enn høvesvis kr 0,95 og kr 2,35 per kWh av den gjennomsnittlege produksjonen over ein periode på sju år. Satsane har stått uendra sidan 2004. Som følge av stor auke i kraftprisane dei siste åra har verdien av dei fleste kraftverk auka mykje, og kome over maksimumstaksten.

Kapitaliseringsrenta har òg mykje å seia for takstverdien. Renta i dag er sett til 3,3%, men vil truleg gå vesentleg opp. Høgare rente vil gje lågare takstverdiar, slik at dersom renta aukar utan at maksimumsgrensa vert fjerna eller auka ein del, vil eigedomsskattetakstane kunna bli redusert.

Finansdepartementet har i sitt høyringsnotat forslag om at dagens reglar vert oppretthaldne, men tek sikte på å justera grensene i åra framover. Justeringa for 2012 vil bli gjort i statsbudsjettet. Likeins vil departementet vurdere å føreslå ein auke i kapitaliseringsrenta.

Grunngjevinga frå departementet for å oppretthalda reglane er bl.a. dei store økonomiske verknadene for staten og fordelinga mellom kommunane. Det er grunn til å peika på at tala som er nemnde i høyringsnotatet er under føresetnad av at dagens kapitaliseringsrente vert uendra. Det er ikkje realistisk; med ein auke av renta til t.d. 5,1% og oppheving av maksimumsregelen vil verknadene bli betydeleg mindre. For kommunar i Hordaland viser ei utrekning slike utslag (tal frå 2009):

Kommune	Tal innb.	Eigedoms- skatt i 2009	Auka inntekter ved fjerning av makstak	
		Kroner	Kroner	Per innb.
Eidfjord	958	43 766 000	21 788 000	22 743
Kvam	8 360	12 641 000	4 928 000	589
Kvinnherad	13 187	52 585 000	22 800 000	1 729
Modalen	344	18 649 000	12 129 000	35 259
Odda	7 047	66 495 000	28 100 000	3 988
Samnanger	2 375	8 630 000	4 227 000	1 780
Ullensvang	3 382	2 934 000	1 000 000	295
Ulvik	1 129	7 427 000	2 742 000	2 428
Vaksdal	4 107	24 538 000	9 350 000	2 276
Voss	13 902	27 002 000	6 021 000	433

Kjelde: Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK)

Ullensvang er blant dei kommunane der ei oppheving av maksgrensa vil gje minst verknad. For dei fleste vil verknadene bli større, medan det vil gje svært stort utslag for nokre få kommunar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fråsegn frå Ullensvang herad til Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 15.04.2011:

Ullensvang herad ber om at maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk vert oppheva, kombinert med overgang til ei langsiktig og stabil diskonteringsrente. Dette vil gje takstverdiar for kraftverk som er meir i samsvar med reell marknadsverdi og gje betre samsvar med dei ordinære prinsippa som gjeld for eigedomsskatt elles. Vår kommune vil særskilt peika på følgjande:

Ullensvang herad har i mange år hatt eigedomsskatt på "verk og bruk" med ein skattesats på 7 promille. Av dei samla kraftinntektene er det inntekter frå omsetnad av konsesjonskraft og erstatningskraft, og frå heimfall, som er dei største for vår del. Eigedomsskatt utgjer ein relativt liten del, men er likevel viktig. For 2011 er eigedomsskatt på alle "verk og bruk" skriven ut med 3,4 millionar, av dette er om lag halvparten frå vår del av store kraftverk.

Utrekningar som er gjort viser at fjerning av maksimumsregelen, kombinert med auka kapitaliseringsrente til t.d. 5,1%, vil gje oss ei årleg inntekt på om lag 1,0 million eller knapt kr 300 per innbyggjar meir enn i dag. Ei slik meirinntekt vil vera viktig for på ein betre måte å kunna møte dei store utfordringane me har på ulike område. Det er særleg grunn til å nemna at hera-

det vil få store kostnader i åra som kjem med ekstra vedlikehald av kommunale bygg og veg-anlegg.

20.06.2011 HERADSSTYRET

Solfrid Borge (SP) sette fram fylgjande tilleggsframlegg :

"Ullensvang heradsstyre stør opp om uttalen frå Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK)"

Røysting :

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Solfrid Borge (SP) vart samrøystes vedteke.

HST-044/11 VEDTAK:

Fråsegn frå Ullensvang herad til Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 15.04.2011:

Ullensvang herad ber om at maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk vert oppheva, kombinert med overgang til ei langsiktig og stabil diskonteringsrente. Dette vil gje takstverdiar for kraftverk som er meir i samsvar med reell marknadsverdi og gje betre samsvar med dei ordinære prinsippa som gjeld for eigedomsskatt elles. Vår kommune vil særskilt peika på følgjande:

Ullensvang herad har i mange år hatt eigedomsskatt på "verk og bruk" med ein skattesats på 7 promille. Av dei samla kraftinntektene er det inntekter frå omsetnad av konsesjonskraft og erstatningskraft, og frå heimfall, som er dei største for vår del. Eigedomsskatt utgjer ein relativt liten del, men er likevel viktig. For 2011 er eigedomsskatt på alle "verk og bruk" skriven ut med 3,4 millionar, av dette er om lag halvparten frå vår del av store kraftverk.

Utrekningar som er gjort viser at fjerning av maksimumsregelen, kombinert med auka kapitaliseringsrente til t.d. 5,1%, vil gje oss ei årleg inntekt på om lag 1,0 million eller knapt kr 300 per innbyggjar meir enn i dag. Ei slik meirinntekt vil vera viktig for på ein betre måte å kunna møte dei store utfordringane me har på ulike område. Det er særleg grunn til å nemna at heradet vil få store kostnader i åra som kjem med ekstra vedlikehald av kommunale bygg og veg-anlegg.

Ullensvang heradsstyre stør opp om uttalen frå Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK)